



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Språkkommune

Innhold

| | |
|--|---|
| Strategi for språk, lesing og skriving | 2 |
| Sogn og Fjordane | 2 |
| Føremål | 2 |
| Situasjonsskildring/nå-situasjonen | 3 |
| Hovudmål | 3 |
| Dale vidaregåande skule | 4 |
| Eid vidaregåande skule..... | 4 |
| Målgrupper | 5 |
| Dale vidaregåande skule | 5 |
| Eid vidaregåande skule..... | 5 |
| Innsatsområde | 5 |
| Dale vidaregåande skule | 5 |
| Eid vidaregåande skule..... | 5 |
| Resultatmål | 6 |
| Organisering | 6 |
| Medspelarar | 6 |
| Dale vidaregåande skule | 6 |
| Eid vidaregåande skule..... | 6 |
| Evaluering og læring..... | 7 |
| Rapportering | 7 |
| Tiltaksplanar | 7 |

Strategi for språk, lesing og skriving

Fylkesdirektøren for opplæring ved Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennom tilbudet *Språkkommuner* søkt og fått støtte til utviklingsarbeid knytt til språk, lesing og/eller skriving. Det økonomiske tilskotet skal brukast til ressurspersonar/ressurslærarar og til å etablere og drifte faglege nettverk innanfor områda språk, lesing og/eller skriving.

Språkkommuner inngår i den nasjonale strategien *Språkløyper* som er ein nasjonal strategi for språk, lesing og skriving for tidsrommet 2015-2019. Strategien dekker heile løpet frå barnehage til og med vidaregåande opplæring.

Strategien er politisk forankra og inngår i dei lokale planane for skuleutvikling.

Sogn og Fjordane

Fylkeskommunen peikar i mål og strategidokumentet for vidaregåande opplæring, God-betre-best, på at opplæringa skal vere heilskapleg frå grunnskule til vidaregåande skule. Vidare står det at fylkeskommunen skal medverke til kvalitetstiltak som kan gi god samanheng mellom grunnskule og vidaregåande opplæring. *Språkkommuner* ser vi som eit slikt tiltak.

Fylkeskommunen og kommunane Hyllestad, Fjaler og Gulen er valt ut til å vere språkkommunar, og dei får fagleg og økonomisk støtte ut 2017.

I fylkeskommunen er Dale og Eid vidaregåande skule med i «strategi for språk, lesing og skriving». Dale vgs. vil samarbeide med språkkommunane Hyllestad, Fjaler og Gulen om ei heilskapleg leseopplæring for heile det 13-årige opplæringsløpet. Eid vgs. si satsing er hovudsakleg på eigen skule.

Føremål

Bakgrunnen for val av lesing som satsingsområde er resultatane frå kartleggingsprøvene som alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane gjennomfører på vg1 kvart skuleår. Prøvene har i fleire år vist ei stor gruppe elevar som skårar under kritisk grense for å meistre krava til lesing i vidaregåande opplæring. Dette kan gi elevane store utfordringar med å gjennomføre og fullføre utdanningsløpet sitt, og fordrar ei systematisk og målretta leseopplæring. Leseopplæringa skal ha som mål å auke

lesedugleiken hjå dei svaktpresterande, og gi utfordringar til dei høgtpresterande slik at alle opplever meistring.

Likeeins syner dei nasjonale prøvene i lesing for 5. og 8. klasse 2015-16, at Sogn og Fjordane har ei negativ utvikling både på lågaste og høgaste nivå. Denne statistikken viser og ein forskjell mellom kjønna i disfavour gutane, noko det er grunn til å ha merksemd på. Sjølv om satsingane våre ikkje rettar seg særskilt mot gutane, vil målsetjinga for arbeidet og dei aktivitetane som vert sett i verk, gi alle elevane moglegheit til å auke lesedugleiken sin.

I rammeverket for Språkkommunar er ei av målsetjingane at det skal vere samanheng i språkarbeidet frå barnehage og vidare gjennom heile det 13-årige utdanningsløpet. For Sogn og Fjordane fylkeskommune vil det vere nyttig og føremålstenleg at grunnskulen og vidaregåande opplæring samarbeider om innhaldet i leseopplæringa. Det vil medverke til at ein får kjennskap til kvarandre sitt språkarbeid og kan skape meir kontinuitet i språk-, lesing- og skriveopplæringa. Dette føremålet vil tene målsettinga om ein meir føreseieleg overgang mellom grunnskule og vidaregåande opplæring for elevane, og medverke til å auke tal elevar som meistrar og gjennomfører utdanninga si.

Situasjonsskildring/no-situasjonen

Dei læringsstøttande prøvene i lesing som kvar skule gjennomførte i starten av inneverande skuleår, viser at vi i Sogn og Fjordane har fleire elevar som skårar på nivå 1 og 2, og følgeleg vil møte utfordringar når dei skal tileigne seg fagstoff gjennom lesing. I tillegg til dei læringsstøttande prøvene er det svært mange lærarar som gir uttrykk for at mangel på god lesekompetanse er ei utfordring når elevane skal forstå fagtekst.

Utfordringa vår er å få alle lærarar til å vere leselærarar. Mange treng å bli bevisste på at det å vere leselærer ikkje er noko dei skal jobbe med i tillegg til faget, men vesentleg for at elevane skal lære og forstå faget.

Fylkesdirektøren for opplæring er allereie tett på skulane og mykje til stades i alt utviklingsarbeid. Dette gir gode høve til å følgje opp kvar einskild skule i arbeidet med lesing.

Hovudmål

Hovudmålsetjinga for vidaregåande opplæring i vårt fylke er at elevane skal trivast, oppleve meistring og gjennomføre vidaregåande opplæring. Det overordna målet for å arbeide med elevane sin lesekompetanse er det same.

Dale vidaregåande skule

Hovudmålet for Dale vidaregåande skule er å gjere alle lærarar til lese- og skrivelærarar.

Dale vgs. samarbeider med språkkommunane Fjaler, Hyllestad og Gulen. Dette vil medverke til at språkarbeidet kan sjåast i samanheng og skape kontinuitet. I tillegg får ein kjennskap til kvarandre sitt arbeid og kan utveksle erfaringar og gode metodar som kjem elevane til gode. Strategien *Språkløyper* er sentral i arbeidet.

Leiar for språkløypeprosjektet har allereie hatt samarbeidsmøte med ressurspersonar frå barnehagar og grunnskular i regionen. Her vart det skissert nokre felles satsingsområde:

- gjere alle lærarar til lese- og skrivelærarar på faga sine premisser
- modellere arbeid med omgrepsinnlæring
- gjere fleire elevar til aktive lesarar, med vekt på til dømes nynorsk skjønnlitteratur

For å nå målsetjingane har Dale vgs. sett ned ei ressursgruppe på seks lærarar med ulik fagbakgrunn. Denne gruppa skal prøve ut ulike modular og bruke metodikken i egne klassar. Målet er å gjere arbeidet med *Språkløyper* konkret og matnyttig for lærarane, og sørge for at den nye lærdommen kjem elevane til gode. Det er eit mål at lærarane endrar undervisningspraksisen sin etter kvart.

Grunnleggande ferdigheiter er avgjerande for eleven si læring på tvers av fag, og Dale vgs. har jobba godt og systematisk med lesing som grunnleggande ferdigheit i heile lærarkollegiet. Dei siste tre åra har skulen arrangert eit felles startseminar som legg vekt på grunnleggjande dugleikar for elevane, blant anna med læringsstrategiar og digitale verktøy i fokus. Ein håper dessutan å dra vinstar på FYR-satsinga, og her er det naturleg å gje rom for dialog mellom dei ulike aktørane.

Eid vidaregåande skule

Eid vidaregåande skule sitt hovudmål er å auke elevane sin lesekompetanse ved å bevisstgjere alle lærarar på at dei er leselærarar.

Satsingane, tiltaka og aktivitetane i skulen sine utviklingsområde, *eleven sitt psykososiale læringsmiljø, lesing i alle fag og entreprenøriell læring*, må sjåast i samanheng, dra vekslar på kvarandre og såleis styrke målsetjinga om at elevane skal auke lesedugleiken sin.

Skulen har frå skuleåret 15-16 hatt lesing i alle fag som satsing, og har kursa alle lærarar i lese- og læringsstrategiar. Skulen har jamleg brukt fellestid til å følgje opp lærarane sitt arbeid med lesing, og gje dei påfyll.

Målgrupper

Dale vidaregåande skule

På Dale vgs kjem ein til å ha ekstra merksemd på elevar i påbyggingsklassen. Tradisjonelt er dette elevar som ser på lesing, skriving og rekning som utfordringar på vegen mot studiekompetanse. Ei målretta satsing på grunnleggjande ferdigheiter i denne gruppa er naudsynt fordi mange elevar må betre lese- og skrivedugleikane sine markant for å gjennomføre. Språkløypesatsinga kan opne for nye og betre måtar å hjelpe desse elevane på.

Sjølv om påbyggingsselevar vil vere i ei viktig målgruppe, vil lærarane i ressursgruppa ta med seg dei nye metodane inn i alle klassane dei underviser i. Slik vil store delar av elevane ved skulen få del i prosjektet.

Eid vidaregåande skule

Eid vgs. har særleg vg1 elevane som målgruppe, men mange av tilboda og tiltaka vil omfatte heile elevgruppa. Lærarar på vg1 underviser og på vg2 og vg3 og vil overføre / bruke metodikk og erfaringar frå satsinga på vg1.

Innsatsområde

Dale vidaregåande skule

Dale vgs. tek sikte på rulle ut *Språkløype*-pakkane gradvis. Det er naturleg å ta i bruk innføringspakken fyrst. Her vil lærarane bli utfordra til å verte fagretta lese- og skriveleiarar. Deretter tenkjer ein å nytte enkelte økter i pakka «Å arbeide med språk» for å jobbe med omgrepsinnlæring. Modellering vil vere eit viktig verktøy for arbeid med omgrep. Etter kvart vil ein bruke tid på modulane om god skrive- og leseopplæring. Det er likevel viktig å streke under at gode refleksjonar blir vektlagt framfor høg progresjon. Meir konkrete tiltak må ein kome attende til etter kvart.

Eid vidaregåande skule


Eid vgs. vil også gjennomføre *Språkløype*-pakkar gradvis og har starta med *Innføringspakka*. Vidare ser ein føre seg å gjennomføre utvalde pakkar og/eller økter i heile eller deler av personalet.

Eit konkret tiltak skulen starta med hausten -16 er at alle vg1-elevane kvar skuledag les sjølvvald litteratur i 15 min.

Resultatmål

Resultatmåla for b e skulane er   bevisstgjere l rarane ansvaret dei har som lese- og skrivel rarar.

Organisering



Ressurspersonane samarbeider med leiing og strategileiarane om planlegging, gjennomf ring og oppf lging av dei ulike tiltaka i satsinga.

Medspelarar

Dale vidareg ande skule

Samarbeid med spr kkommunane i Hafs-regionen, Fjaler, Hyllestad og Gulen. Skulane har felles temadagar og prosjektleiarane deltek p  m te p  tvers av skuleslaga for   dele r ynsler.

Eid vidareg ande skule

Eid vgs. har samarbeidd med Lesesenteret og Haugalandet vidareg ande skule om leseprosjektet i vg1. Haugalandet vgs. har i fleire  r starta skuledagen med lesing og Eid vgs. hadde kontakt med dei for   f  hjelp og rettleiing f r oppstart av eiga satsing. Vidare vil dei vere ein samtalepart for skulen.

Fylkesdirekt r for oppl ring har ressursperson (Lesesenteret) som har tett dialog med ansvarspersonane for lesesatsinga. I tillegg er ho jamleg til stades n r pedagogisk personale jobbar med «lesing i alle fag».

Eid ungdomsskule er primærvagjevaskule for elevar til Eid vgs. Skulane samarbeider og har til dømes felles planleggingsdagar med «lesing i alle fag» og «vurdering for læring» som satsingsområde.

Evaluering og læring

Fylkesdirektøren for opplæring er tett på skulane og mykje til stades i alt utviklingsarbeid gjennom heile året. Det vil seie at ein i besøka naturleg føretek ei intern evaluering om kva som fungerer godt og eventuelle utfordringar skulen treng støtte til.

I tillegg har fylkesdirektøren kvar vår ei to-dagars samling med leiargruppene på alle dei vidaregåande skulane i fylket. Samlinga blir gjennomført som «lærande prosess» og kvar skule arbeider med og deler erfaringar og status frå sitt/sine utviklingsområde. I tillegg er utviklingsarbeidet tema på minst eit rektormøte per år, og på skulebesøket som direktøren gjennomfører på kvar skule kvar haust.

Rapportering

Det blir gjennomført evalueringsmøte med ressurspersonar, andre involverte partar og fylkesdirektør for opplæring mai/juni -17 og januar -18.

Bruk av midlane blir rapportert til Utdanningsdirektoratet.

Tiltaksplan

Strategiperioden for både skulane er sett til ut 2017, og i etterkant skal arbeidet med språk, lesing og skrivning vere forankra i skulane sitt daglege virke.

Tiltaksplan for Dale vidaregåande skule 2016/2017

Hovudmål:

Alle lærarar skal vere lese- og skrivelærar.

Innsatsområde:

Skriving: Lærarane i prosjektet skal bruke skriving som reiskap på relevante måtar i sine fag.

Lesing: Lærarane i prosjektet skal lære elevane å lese dei tekstane og teksttypane som er relevante i sine fag.

Resultatmål:

Vi vil bevisstgjere lærarane på det ansvaret dei har som lese- og skrivelærarar, og gje dei metodiske verktøy til å endre praksis.

Tiltak:

| Innsatsområde 1 og tilhøyrande resultatmål: | Ansvar | Involvering | Start-slutt | Status | Evaluering |
|---|------------------------------------|--|----------------------|---|-----------------------|
| Tiltak 1: KICK OFF | Prosjektleder for Dale vgs og HAFS | Lærarar i ungdomskular i HAFS/Dale vgs | Temadag: 4. november | Innføring og bevisstgjerings rundt lærarrolla: Skrivning og lesing på faga sine eigne premisser | Oppsummering i plenum |
| Tiltak 2: Kursing og refleksjon | Prosjektleder for Dale vgs | Ressursgruppa ved Dale vgs | jan. 2017 | Vi brukar introduksjon-pakken: «Å vere skrive- og leselærar». Refleksjon rundt lese- og skriveopplæringa på skulen. Vi vel ut nokre utviklingsområde. | Ingen |
| Tiltak 3: Arbeid med utviklingsområde | Prosjektleder for Dale vgs | Alle lærarar | feb. – mai 2017 | Vi konkretiserer utviklingsområda frå tiltak to. Alle lærarar på skulen skal jobbe med minst eitt utviklingsområde. Lærarar i ressursgruppa skal prøve ut minst to. | Ingen |

| | | | | | |
|---|--|---|-------------------|---|--|
| Tiltak 4: Deling av røynsler | Ressursgruppa ved Dale vgs | Alle lærerar | juni 2017 | Vi deler røynsler frå prosjekt i plenum og i fagseksjonar. | Deling av røynsler. Forsøk på oppsummering og konklusjon. |
| Tiltak 5: Ny fellesdag med ungdomsskulane i HAFS | Prosjektlearar for Dale vgs og HAFS | Lærerar i ungdomskular i HAFS/Dale vgs | haust 2017 | Erfaringsutveksling. Nye satsingar. | Oppsummering i plenum |

Samarbeid: Vi samarbeider med grunnskulane i HAFS. Vi har felles temadagar, og prosjektlearane deltek på møte tvers av skuleslaga for å dele røynsler.

Tiltaksplan for Eid vidaregåande skule 2016/2017

Hovudmål:

Gjere alle lærarar til leselærarar.

Innsatsområde:

Lesing og lærestrategiar med vekt på faglesing

Resultatmål

- Gjere alle lærarar til leselærarar og dermed gjere elevane til gode og funksjonelle lesarar.

-

Tiltak:

- Jobbe målretta med kompetanseheving hos lærarane gjennom førelesingar og arbeid med Språkløyper
- Alle vg1 klassar skal ha ei 15 minuttar leseøkt i starten av kvar dag.
- Jobbe med lese-/lærestrategiar generelt og innan naturfag og samfunnsfag, vg1 og programfag vg2 og 3 spesielt.

| Innsatsområde 1 og tilhøyrande resultatmål: | Ansvar | Involvering | Start-slutt | Status | Evaluering |
|---|---|----------------------------------|------------------------------|--|---|
| Tiltak 1: Arbeid med lese- og lærestrategiar for lærar og arbeid med Språkløyper | Dette er alle sitt ansvar. Torild Natvik og Mette Opsal føl opp og organiserer. | Alle lærarar, jf. utviklingsplan | August 2015- skuleslutt 2017 | Vi starta opp dette arbeidet allereie i 2015 og det pågår framleis | Vert tema på utviklingssamtale med næraste leiar. Questback om kva den enkelte har gjort/gjer |
| Tiltak 2: Leseøkt i alle vg 1 klassar, 15 min på starten av kvar dag. | | Alle faglærarar | Skuleåret 2016-17 | Mange elevar har for låg lesefart til å vere funksjonelle lesarar og dette | Læringsstøttande prøver. Alle vg1 elevane vil gjere oppatt leseprøven etter jul, og til |

| | | | | | |
|---|---|---|------------------------------|--|--|
| | | | | må det jobbast med kontinuerleg. | våren. Då får vi kanskje sett endring og ev betring i leseforståinga. |
| Tiltak 3: Innsatsområde: Samfunnsfag, naturfag og programfag innan realfag, alle fag etter kvart Jobbe med Språkløyper | Faglærer innan aktuelle område. Mette Opsal og Solveig S Kjesbu er hovudansvarlege for gjennomføring. Alle faglærarar har ansvar i sine timar Leiinga legg til rette for tid i møtetida. | I første omgang gjeldande faglærarar, etter kvart alle lærarar | Skuleåret 2016-18 | Leseprøven frå Udir viser at elevane er gode på lesing av skjønnlitterær tekst, men treng meir trening i å lese fagtekst. Dette viser tydelegast att i oppgåver der ein må lese tekst, tabell, bilete saman for å finne svar. Utfordringa vert å halde trykket oppe og vidareføre arbeidet. | Sjå mål over. I tillegg vil det verte tema på utviklingssamtale med næraste leiar. Questback og elevlogg. |

Samarbeid: Alle lærarane har vore kursa i lese- og lærestrategiar v/Edit Asperanden. Det vert sett av tid i samarbeidstida til arbeid med Språkløyper. Mette Opsal og Solveig S Kjesbu lagar framdriftsplan for dei ulike teama og kjem med forslag til satsingsområde i dei ulike faga der det er behov for slik hjelp. Ny planleggingsdag til hausten med meir arbeid knytt til lesestrategiar